



Kviteseid kommune

Eining for samfunnsutvikling og teknisk drift

29.11.2018

Standard for vintervedlikehald



Kviteseid kommune

Rev. 2018

Generelt

Entreprenør skal følge denne standarden for vintervedlikehald. Alternative løysingar for å oppnå eit betre resultat handsamast som endringsmeldingar før- eller i sesongen etter avtale med prosjektleiar i Kviteseid kommune.

Brøyting

Generelt skal vegar med mykje trafikk ha høgare vinterstandard enn vegar med lite trafikk. Vidare skal vegens status (Hovud, samle, tilkomst) vurderast. Følgjande rettleiande tabell gjeld for å sette i verk brøyting.

Vegkategori	Maks snødybde	Maks timar før vegen er gjennombrøyt	Gjennombrøyting før kl. Heilagdag i ()
Hovudveg	10 cm	4	0600 (0800)
Samleveg	10 cm	4	0600 (0800)
Tilkomstvegar	15 cm	6	0600 (0800)
Kommunale avkøyringar og parkeringsplassar	15 cm	8	0600 (0800)
Gang- og sykkelvegar	15 cm	4	0600 (0800)

- Seinaste tidspunkt for ferdig gjennombrøyt veg vil i dei fleste tilfelle slå inn før krav til maks timar.
- Utbrøyting til full bredde inkl. busslommer skal utførast med ein gong etter brøyting av vegen.
- Dersom spesielle vêrtilhøve gjer det naudsynt (til dømes vêromslag) skal det brøytast oftare. Det må i stor grad nyttast skjønn.
- Under vedvarande snøvêr skal brøytefrekvensen vere så stor at kravet til maks snødybde overhaldast.
- Det blir ikkje brøyt etter kl. 2200, men det skal vere gjennombrøyt innan tider gitt i tabellen.
- Ved brøyting og rydding av sno skal det takast omsyn til rekkverk, bruer, skilt, kumlokk, gateljos og andre installasjonar i og langs vegen slik at desse ikkje blir skada. Kontraktøren pliktar å gjere seg kjent med roden(e) før sesongen, og gi tilbakemelding til teknisk drift om eventuelle manglar som kan bety noko for arbeidet.
- Bortkøyring på parkeringsplassar skal gjerast om snoen tek meir enn 1 parkeringsplass. Dette gjeld for alle offentlege og kommunale parkeringsplasser.

Strøying


Vegar strøyast i bakkar, svingar, og i trafikker kryss. Det skal strøyast i områder som er trafikkfarleg. Ein meiner då hovudveg, samleveg og tilkomstveg som er utan fortau der køyretøy og gåande har same vegbane. Gang- og sykkelveggar skal også strøyast.

Følgjande rettleiande tabell er gjeldande:

Vegkategori	Maks timar før strøying startar	Maks timar før strøying skal vere ferdig
Hovudveg	2	+4
Samleveg	2	+8
Tilkomstveggar	4	+12
Kommunale avkøyringar og parkeringsplassar	4	
Gang- og sykkelveggar	4	+8

- Når bremselengde på slett veg og med normal dekkutrusting (halvslitte piggdekk) kommer over 40 m ved hastighet på 50 km/t, skal strøying starte (sjå figur 1). Værutsiktene dei neste timane skal og vere med i denne vurderinga, samt trafikkgrunnlag for den enkelte vegstrekningen.
- Det skal nyttast saltblanda sand med største steinstørrelse på 6 mm (saltinnblanding 30-50 kg pr. m³). Mengde sand skal vere minimum 200 gr. pr. m².
- Entreprenøren på kvar rode har ansvaret for å syte for at det til ein kvar tid er sand i dei kommunale kassene med strøsand.

Figur 1: Bremselengder ved ulike friksjon.



Rydding

- Rydding av kryss og busslommer skal ryddast fortløpande etter snøfall.
- Private avkøyringar ryddast ikkje. Det ryddast heller ikkje private vegar mellom kommunal veg og gang/sykkelbane.
- Siktrydding utførast innan 2 døgn. Gjeld og framfor forbods- og påbodsskilt. Avkjørslar skal ryddast slik at høymden på brøytekant ikkje er over 0,5 m. Det skal vere 4 meter fri sikt inn i avkjørselen. Sikten til kvar side er lista i figur 2.

Figur 2: Sikttabell

Fartsgrense	Fri sikt til kvar side frå 4 m inn i avkøyringa
30	20 m
40	30 m
50	45 m
60	70 m
70	90 m

- I sentrumsgater køyrast snoen vekk i delar av sesongen. Sentrumsgater ryddast helst om natta (pga. trafikk).
- Leskur ryddast innan 2 døgn.

Spordybde

Det må generelt akseptrast større spordybde på vegar med lite trafikk og vegar med låg fartsgrense (til dømes tilkomstvegar i bustadområder).

Vegkategori	Spordybde før høvling setjast i verk	Maks dagar før vegen er ferdig høvla
Hovudveg	5 cm	2
Samleveg	5 cm	4
Tilkomstvegar	5 cm	6
Kommunale avkøyringar og parkeringsplassar	5 cm	8-10
Gang- og sykkelvegar		Høvlast ikkje

Issvullar fjernast så snart som rå.

Vegstatus

Under er dei kommunale vegane lista opp der dei har fått status som hovudveg, samleveg, eller tilkomstveg.

Veg	Vegstrekning	Veglengde	Status
KV 1004	Åsgrendvegen	4,517	Hovudveg
KV 1008	Ordalsvegen	5,688	Hovudveg
KV 1011	Slette-meåsvegen	0,136	Hovudveg
KV 1014	Åsmundtveitvegen	0,964	Samleveg
KV 1015	Kviteseidvegen	0,206	Tilkomstveg
KV 1020	Kyrkjevegen	1,05	Hovudveg
KV 1022	Morgedalvegen	4,706	Hovudveg
KV 1024	Vårstaulvegen	0,493	Samleveg
KV 1025	Håtveitvegen	1,252	Samleveg
KV 1026	Bjålandsvegen	1,014	Samleveg
KV 1031	Gotuholtvegen	1,539	Hovudveg
KV 1064	Midtsundvegen	0,8	Samleveg
SV 69	Granlivegen	0,85	Samleveg
KV 1034	Lundenvegen	0,464	Samleveg
KV 1041	Spjotsoddvegen	1,276	Samleveg
KV 1042	Straumanvegen	2,5	Samleveg
KV 1044	Hassvikvegen	0,549	Tilkomstveg
KV 1047	Bergstovegen	4,555	Samleveg
KV 1049	Åslandvegen	0,47	Samleveg
KV 1050	Roarvegen	0,276	Samleveg
KV 1051	Vebrekkevegen	0,25	Samleveg
KV 1055	Krokvegen	0,13	Tilkomstveg
PV 1015	Kviteseidvegen (vrådal)	0,1	Tilkomstveg
SV 31	Furheimvegen	0,1	Tilkomstveg
KV 1052	Straumsnesvegen	0,833	Tilkomstveg
KV 1058	Tyrivegen	0,295	Samleveg
PV 98402	Vråljosvegen		Tilkomstveg
KV 1063	Høgvollvegen	0,647	Samleveg
KV 1065	Garverivegen	0,316	Samleveg
KV 1066	Lauvstadvegen	0,561	Samleveg
KV 1067	Tveitgrendvegen	3,647	Hovudveg
KV 1068	Oppebøenvegen	0,216	Tilkomstveg
KV 1069	Torshaugvegen	0,512	Tilkomstveg
KV 1070	Utsiktsvegen	0,99	Samleveg
KV 1071	Tegolverkvegen	0,109	Tilkomstveg
KV 1072	KnutTaraldsens veg	0,52	Tilkomstveg
KV 1073	Kasinvegen	2,128	Hovudveg
KV 1074	Cloumannvegen	0,472	Samleveg
KV 1076	Hommanvegen	2,76	Samleveg
KV 1077	Sandoddvegen	1,669	Samleveg

KV	1080	Flatinvegen	0,117	Tilkomstveg
KV	1081	Tormod Knudsens veg	0,217	Samleveg
KV	1082	Skulevegen	0,599	Samleveg
KV	1097	Selandvegen	0,179	Tilkomstveg
KV	1098	Breidablikkvegen	0,144	Tilkomstveg
KV	1108	Hellebruvegen	0,139	Samleveg
		GS-veg Kviteseid	2	kommunal